



**Sogn og Fjordane Fylkeskommune**  
**Askedalen 2**  
**6863 Leikanger**

Paris/Fjærland 6.9 - 2019

**Søknad om støtte stor kroner 40.000.000,- til realisering av fjordsenteret Marheim i Fjærland, ein internasjonal kunnskapsattraksjon knytt til fjorden**

Prosjektet har sitt utspring frå Fjærland Bygdalag forankra i målsetjinga om å skape større aktivitet i Fjærland, og utvikle eit opplevings- og kunnskapsformidlingstilbod som får tilreisande til å bruke meir tid i regionen.

Dette arbeidet er løfta vidare gjennom interimsstyret for prosjektet som består av:

- Olav Orheim styreleiar: Tidlegare direktør ved Norsk Polarinstitutt og professor II ved Universitetet i Bergen
- Gunnar Bøyum: Partner og advokat i PwC
- Marianne Nilsen: Marinøkolog og førsteamansuensis HVL
- Jens Olav Nilsen: Tidlegare prosjektdirektør og sivilingeniør i Norconsult
- Bård Huseby: Forskar ved Vestlandsforsking og eigar av Fjærland Fjordhotell
- Hans Haugen observatør: Leiar i Fjærland Bygdautvalg

Det er utført eit omfattande arbeid knytt til arkitektur, innhald og fagleg forankring, utført mellom anna av Bygdalaget, Høgskulen på Vestlandet, Havforskningsinstituttet, Universitetet i Bergen, Reiulf Ramstad Arkitekter, Sarner Int mfl.

Senteret vil bli organisert som ein stiftelse, som er under etablering, med forslag om interimsstyret som første styre. Stifterane skal sikre prosjektet sterkt lokal og fagleg forankring.

Som bakgrunn for etableringa er følgjande sentralt:

- Formålet er å opprette og drive eit senter i Fjærland som skal samle, skape og spre kunnskap om fjord og fjordlandskap, hav og marine forhold gjennom reelle og virtuelle opplevelinger. Stiftinga si verksemd vil omfatte både samfunns- og naturvitenskaplege fagfelt, samspelet i naturen og samspelet mellom natur og menneske
- Senteret skal bidra til og legge til rette for forsking og undervisning
- Senteret skal være ein stad der menneske kan oppleve fjorden, og samspelet mellom fjord og fjell med innhald og vitalitet
- Senteret skal være ein bidragsyta og drivkraft for regional utvikling med fokus på kunnskapsutvikling og formidling
- Senteret skal etablerast med internasjonalt format
- Stiftelsen kan samarbeide med, opprette eller delta i verksemd med same eller liknande formål
- Senteret skal ha fokus på miljø og berekraft

Eit fjordsenter av dette format vil framstå som unikt i nasjonal samanheng.

Fjordsenteret skal ha heilårsaktivitet, og vil være ein viktig bidragsyta for heilårsturisme i regionen. Beslutninga frå Hurtigruten om faste anløp kvar femte dag i Fjærland i lågesesong frå 2021



underbygger dette. Hurtigruteanløp, og ikkje minst krafta gjennom marknadsføringa av dette, vil også gi ei vesentleg marknadsføringseffekt for heile regionen.

Kostnadsoverslaget for prosjektet er kroner 110.000.000,-, og følgjer vedlagt søknaden.

Skisse er teikna av Arkitektkontoret Reiulf Ramstad AS. For referanseprosjekt blir det vist til [www.reiulframstadarchitects.com](http://www.reiulframstadarchitects.com).

Sarner Int er valt som samarbeidspart vedrørande innhaltsproduksjon og formidling, basert på forankring frå dei fremste fagmiljøa nasjonalt. For referanseprosjekt blir det vist til [www.sarner.com](http://www.sarner.com).

Konseptrapport frå Sarner og presentasjon frå Ramstad følgjer vedlagt søknaden

Senteret skal finansierast gjennom donasjonar, gåver og medverknad frå det offentlege. Prosjektet må finansierast slik at løpende driftsinntekter primært kan brukast til utviklingstiltak, innhaltsproduksjon og kontinuerleg utvikling av senteret, for å sikre at formidlingsdelen framstår som innovativ, oppdatert og attraktiv.

Modellen er basert på tilsvarende etablering av Norsk Bremuseum, som har sikra dei kraft til vidareutvikling og drift utan behov for offentleg medverknad. Interimsstyret har stort fokus på at Marheim blir etablert i nær forståing med Norsk Bremuseum.

Det er og viktig at senteret har kraft til å ta ein viktig og sentral rolle i forhold til regional utvikling, og som aktør vedrørande kunnskapsutvikling og formidling av forskingsrelatert karakter.

Etter vår vurdering vil Marheim også framstå som eit svært viktig signal- og infrastrukturtiltak for reiselivet, som vil bidra til å auke regionen sin attraktivitet.

Med venleg helsing  
MARHEIM FJORDSENTER

Olav Orheim  
Leiar av interimsstyret  
sign.

Vedlegg:

1. Konseptrapport Sarner Int
2. Presentasjon Reiulf Ramstad Arkitekter AS
3. Kostnadsoverslag for prosjektet